



Lindås kommune
v/ Høgne Haugsdal
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Dykkar ref.
Høgne Haugsdal

Vår ref.
15-003.HB

Stad/dato
Knarvik, 9. februar 2015

Førespurnad om dekking av utgifter til ferdiggjering av veg på sørsida av hovudanlegget på Knarvik Stadion - kr. 135.920 (eks. MVA)

Knarvikmila søker om å få dekka utgifter til ferdiggjering av veg på sørsida av hovudanlegget på Knarvik Stadion.

Bakgrunn for søknaden:

1. Vegen på sørsida av Knarvik Stadion vart bygd som ei provisorisk løysing på 80-talet for å få oppvarmingsarena til bruk på friidrettsstevne, og då spesielt til Knarvik Games, landskamp i friidrett, og det 1. verdsmeisterskapet på 10.000 meter for kvinner.
2. På 90-talet vart vegen litt forbetra (KnarvikMila tok kostnaden). Men det hjelpte lite fordi vatn og regn skylte bort sanden som var lagt på vegen. Vegen var ikkje grøfta / drenert.
3. Våren 2012 vart det halde ei synfaring for området sør og aust for hovudanlegget. Med på synfaringa var representantar frå:
 - Lindås Kommune, med m.a. leiar for eigedomsavdelinga, Kjell Åge Bjørnevoll.
 - KnarvikMila ved Helge Brekke.

Målet med synfaringa var å drøfta:

- *Ferdiggjering av vegen sør for Knarvik Stadion*
- *Plassen ovanfor tribunane (mot aust)*

Sidan vegen i sør og plassen over tribunane var ein del av ferdiggjeringa av Knarvik Stadion, var konklusjonen at kostnaden og arbeidet var ei kommunal sak. Her er å merka at vegen måtte vera i «lastebilbreidd» på grunn av grusing.

4. På eit planleggingsmøte for KnarvikMila, den 27. juni 2012, var følgjande til stades:

- *Kjell Åge Bjørnevoll (Lindås Kommune)*
- *Øyvind Stang (Lindås Kommune)*
- *Helge Brekke (KM)*

På møtet vart synfaringa våren 2012 teken opp til drøfting. Kjell Bjørnevoll bekrefta at ferdiggjering av vegen og plassen over tribunane, skulle kommunen utføra og ta kostnaden med.

5. KnarvikMila fekk referatet frå møtet den 2. juli (Øyvind Stang var referent). I gjennomgangen av referatet oppdaga vi at innhaldet var mangelfullt når det galdt vegen og plassen. Jfr pkt 4.
6. KnarvikMila ved Helge Brekke tok kontakt med kulturkontoret og bad om at referatet frå 27. juli vart retta opp i samsvar med lovnaden gitt i møtet. Her er å opplysa at Kultursjefen var på ferie, men Eileen Feste lova at referatet skulle rettast opp i samsvar med det som vart lova i planleggingsmøtet.
7. I referatet frå eit nytt møte om KnarvikMila, 22.8.2012 (KM og LK), vart det gjort ei tilføyning. Tilføyninga var heller ikkje heilt i samsvar med det som vart sagt. Arbeidet vart ikkje sett i gong til Mila 2012 på grunn av at ein mellomleiar på Eigedomsavdelinga stogga arbeidet, med grunngjeving at han ikkje hadde fått vore med på avgjerala.
8. Tidlegare eigedomssjef Kjell Bjørnevoll har stadfesta at kommunen lova å ferdigstilla vegen sør for Knarvik Stadion og planera plassen over tribunane, slik det vart sagt i møte 27.6.2012 og repetert på møte 22.8.2012.

Økonomisk betydning for KnarvikMila

Det er av stor økonomisk betydning for KnarvikMila å få dekka utlegga for ferdiggjering av vegen.

Midlane kr. 135.970,00 skal brukast til å dekka ein del av underskotet for KnarvikMila i 2014.

Til slutt tillet vi oss å nemna at KnarvikMila har ytt over 4,2 millionar kroner til anlegg på Knarvik Stadion:

- Grusplassen aust for Knarvik Ungdomsskule
- Lys langs vegen frå gamle idrettsbygget – Nordhordlandshallen – sør og aust for Knarvik Stadion
- Tribunane på Knarvik Stadion
- Plasthallen på Knarvik Stadion
- Aktivitetsløypa med bord, benkar og lys heilt opp til vanntanken.


I tillegg har også privat næringsliv via KnarvikMila betalt ca kr. 500.000,- til idrettsanlegget.

Avslutning

KnarvikMila er ein ideell organisasjon tufta på frivillig arbeid. Eit av hovudmåla er å stimulera til fysisk aktivitet og leggja til rette for folkehelsetiltak. KnarvikMila bidreg med store summar til lokale lag og foreiningar som samarbeider med oss om arrangementet. For mange lag er Mila den største inntektskjelda.

Vonar at Lindås Kommune står ved tidlegare lovnader og tek på seg den omsøkte kostnaden.


Knarvik 9. februar 2015



Helge Brekke
-styreleiar-

J. Vedlegg

Vedlegg 1



- Målte Grenser
- Registrerte Grenser
- Udefinert grense
- Terrengmålte grense
- Konstruert grensepunkt
- Bolig
- Bustad m/leilighet
- Våningshus
- Større bustader
- Hytte/feriehus
- Garasje/uthus
- Industri/lager
- Andre bygg

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.



Lindås kommune
Geodata avdeling

Grunnkart 2009.

Dato: 2015.01.06
Sign: sso

Knarvik Stadion.



Milestokk
1:1000